


LÅVENDE SAKER 2016

HENNING KVITNES & CLAUDIA SCOTT
HEINE TOTLAND & GISLE BØRGE STYVE
ODD NORDSTOGA // BJØRN EIDSVÅG



Jason Taylor med FRi Gospel, Rondane & Fåberg Gospelkor // TRI
Iren Reppen og Mads Ousdal // Sol i Skuggeskog // Margit Myhr
Baksia, Terje Iversen Band og Skar & Hartrey // Trøndelag Teater
Gudbrandsdalsspelmenn // Camilla Granlien & Vegard Moshagen
Belfast Lads // Hans & Rasmus Kjørstad // Julemarked
Heimelaga julebord med Viggo & Gufrid
Sheep o Høy med Belfast Lads

www.rudigard.no

RUDI
GARD

Rudi Gard

– opplevingar og verdiskaping

Rudi Gard vil bidra til å gjera Gudbrandsdalen meir interessant både for fastbuande og tilreisande. Landsbygda byr på store opplevingar, og vi gler oss til å presentere lokale og landskjente artistar frå øvste hylle.

Årleg foregår eit 50-tals arrangement hos oss, og Rudi er ein møteplass for underhaldning, mat og drikke, og sosialt samvær. Det er viktig at vi fortsett å treffes – det blir ikkje det same at vi ser på kvarandre i sosiale medier!

Stadig fleire starter kvelden på Rudi med eit godt måltid. Større forestillinger har nummererte plasser, så du kan nyte måltidet trygg på at du har god plass på kveldens _konsert. Etter forestilling er det alltid hyggeleg å slå av ein prat i låvepøbben eller på tunet.

Hausten 2015 vart Rudi Gard tildelt verdiskapingsprisen for Midt-Gudbrandsdalen. Vi er glade for anerkjenning av verdiskaping i gode opplevingar. Og når arrangement hos oss gjev verdiskaping også for andre er det ekstra inspirerande.

Saman med gode medarbeidarar, samarbeidsparter og artistar ser vi fram til ein ny sesong med glade gjester. Velkome til gards!

Helsing Nina og Øystein Rudi - vertskap





Torsdag 12. mai

Kl 09.00–16.00

Næringslivets dag

Lillehammer og Gudbrandsdalen Kunnskapspark ønsker velkommen til Næringslivets Dag på Rudi Gard.

Vi ønsker å inspirere deg til å ta sats, til å drømme og til å tørre og til å prøve. Vi ønsker å bidra til en vinnerkultur i Lillehammer og Gudbrandsdalen, der det skal være lov å feile, og der vi heier på hverandre. Bort med Janteloven!

Mer info, program og påmelding:

www.lkp.no – Lillehammer og Gudbrandsdal Kunnskaps-park.

I samarbeid med DnB, Sparebank 1 Gudbrandsdal, Midt-Gudbrandsdal Næringsforening, Næringsforeningen i Nord-Gudbrandsdal og Lillehammer Næringsforening.



Meny RAUS RUDI-LUNSJ





Eit godt måltid før forestilling

Dette er eit populært tilbod for privatpersonar, bedrifter og vennelag. Til alle rettar serverer vi kaffe og dessert av det beste årstida byr på.

Matbord frå Rudi-grillen

- *Saftige grillstykker av svin og okse krydra med eigne marinader og urte-oljer, grilla laksefilet med kryddersmør, lammepølser frå Anni's pølse-makeri, potetsalat med rømmedressing & sennepsdressing med urter frå Aukrust, tomatsalat med betaost frå Avdem gardsysteri og heimståkå brød frå eige kjøken*

kr 390,-

Trancherbiff på Rudi-vis

- *Heilgrilla entrecote og saftige filetar krydra med eigne marinader og tranchert slik du ønskjer ved servering*
- *Med bakte poteter, soppstuing, laukkompott, grilla grønnsaker og himmelsk saus*

kr 430,-

Kulturgris alá Rudi

- *Sør-Fron har nokre av dei mest profesjonelle grisebønder som finst. Dei samarbeider vi med, og her får du den beste svinefileten som finst innrulla i spekeskinke. Med tomatisert bernaisessaus, ovnsbakte poteter og sesongens grønnsaker*

kr 390,-

Grilla Dølafe

- *Ur-gener og godt beite gjev kjøtt med fin struktur.*
- *Med saltbakt tomat og Tromsnespoteter, sommarens grønnsaker og langtidskokt raudvinssaus*

kr 430,-

Peer på bukken

- *Reinsdyrfilet servert med blåbærsaus, ovnsbakte mandelpoteter, sellerirotmos og grønnsaker*

kr 490,-

Øl-brassiert lammeskank

- *Lam frå eigen produksjon direkte frå fjellbeite, og langtidskokt i Rudi-øl. Serveres med stappe av mandelpotet, smaksrike ferske rotgrønnsaker frå Gudbrandsdalen og Wenche sin lammesaus*

kr 430,-

Godt frå Rudigrillen

- *Spesialtilpassa meny som kan innehalde grillpølser, spesialpølser frå Anni's pølse-makeri, elgburgere i pita og marinerte grillstykker og godt tilbehør. Blir seld rett frå grillen*

Tilbehør til dei ulike menyane kan variere med årstida og tilgang på det beste av råvarer.

Reservasjon av bord: oystein@rudigard.no / 913 85 388



Laurdag 4. juni

Frå kl 15.00

Gudbrandsdalskappleiken 2016

Gudbrandsdalen har ei mengde framifrå spelemenn og dansarar, gode grupper og dyktige spelmannslag. Gudbrandsdal Folkemusikklag inviterer til venskapeleg tevlingskonsert for barn og unge, solistar, grupper og lag. Det blir også dansetevling og fest og glede til langt på natt.

Gudbrandsdalsmeistrane i gamaldans skal kårast, og det er sett opp ein pengepremie på 10 000 kr til vinnarane av gruppespel!

Billett kr 190,- / gratis under 18 år.

I samarbeid med Gudbrandsdal Folkemusikklag.



Meny GODT FRÅ RUDI-GRILLEN



Laurdag 18 . juni

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Minnekonserter for Ivar Nermoen – *Spelmann, hurragut og medmenneske*

Ivar Nermoen var trekkspelar med ei brei og allsidig musikkinteresse. Han hadde eit godt øyra og stor kunnskap om musikk. Det var alltid liv og røre der Ivar var – gode historier, latter og glede. Denne kvelden kjem musikkvenner i hop for å hylle minnet etter Ivar, som ved fleire høve sa: «Når eg går bort skal det vera dans». Og dans skal det bli – rett etter konserten!

Mellom dei som bidreg frå scena er Fron Trekkspelklubb, Sør-Fron Spelemannslag, Håkon Sveen, Helge Hysjulien, Torleif Stave, Kniktein, Vågå Trekkspelklubb, Mukampen Spelmannslag, Nye Ringnesin med fleire.

Programleiar: Rasmus Stauri.

Billett kr 190,- / 100,- under 18 år.

I samarbeid med Fron Trekkspelklubb.



Meny MATBORD FRÅ RUDI-GRILLEN

Søndag 19. juni

Kl 19.00. Ope gard frå kl 17.00

Jason Taylor

FRI Gospel, Rondane og Fåberg Gospelkor


Gospelfest – med tre kor og 60 glade songarar frå Dovre i nord til Gjøvik i sør. Her blir det gamle og nye gospel-låter med skikkelig swing og trøkk. Og god, rørende og nær stemning for både tilhøyrarane og songarane.

Kveldens solist, direkte frå USA: Jason Taylor, født og oppvaksen i Memphis, Tennessee. Taylor har jobba med verdskjente artistar som Stevie Wonder, Jill Scott, Eart Wind and Fire, Kenny Lattimore og mange andre!

Dette blir eit fyrverkeri av song og musikkglede!

Billett kr 290,- / 100,- under 18 år.

I samarbeid med FRI Gospel.



Meny MATBORD FRÅ RUDI-GRILLEN



Torsdag 28. juli

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Bjørn Eidsvåg

med band i Rudilåven

Bjørn Eidsvåg – ein institusjon i norsk musikkliv!
Han har stått på scena på Rudi Gard fleire gonger tidlegare, og det er ei ære å ønskje Bjørn med hans suverene band velkomen tilbake. Vi gleder oss!

– *Det meste av det vi mennesker baler med under solen handler om vårt ønske om å bli sett, sier han selv, og mye av Bjørns tekstunivers kretser nettopp rundt temaet «å se».*

Billett kr 450,-. Nummererte plasser.



Meny TRANCHÉRMENY PÅ RUDI-VIS

Søndag 31. juli

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Sol i skuggeskog

Kritikarrost gruppe frå Oppdal og Vågå

«Stemningsfull og vakker...», «Heilskapleg velklang...» og «Eit framifrå album...» – slik vart albumet «Stille og straum» omtala av norsk presse og radio da det kom ut i september 2015. Sol i skuggeskog følger opp det kritikarrote debutalbumet «Livet» frå 2013 på ein solid måte. Med det nyaste albumet vidarefører dei sitt særeigne musikalske uttrykk samtidig som dei stadig trekker musikken i nye retningar. Her er element fra americana, folkemusikk, vise og pop.

Ingrid Lian-Bjørgum – vokal

Einar Lian-Bjørgum – gitar og vokal

Øyvind Sandum – trekkspel og vokal

Gjesteartistar: Bjørn Kåre Odde (fele) og Knut Sneve (kontrabass)

Billett kr 330,- / 100,- under 18 år.



Meny GRILLA DØLAFE



Bedriftsarrangement, jubileum og gjestebod på Rudi Gard

Vi skreddersyr ofte egne arrangement for bedrifter og grupper på Rudi Gard. Vi byr på spennande mat frå vårt gode kjøken. Vi tek imot frå 20 til 500 gjester, og saman med gode medhjelparar tilbyr vi gjerne spennande aktivitetar i triveleg atmosfære.

Artistar frå vårt store nettverk blir også ofte hyra inn ved slike arrangement.

Servering av eit godt måltid for grupper før forestillingar er også eit populært tilbod. Ta gjerne kontakt slik at vi saman kan starte planlegginga av ditt arrangement.

Tlf 913 85 388 / oystein@rudigard.no

«Takk for fantastisk mat og underholdning, dere bidro sterkt til at Det norske fikk en kjempefin opplevelse.»

Jeanette Tinholt, Administrasjonsleder i Det norske oljeselskap



Gardskafe og kunstutstilling

Trivlege dagar der gjester svingar innom for lett servering i gardskafeen, for å sjå og handle kunst eller for ein hyggeleg rusletur på gode turstigar i kulturlandskapet omkring Rudi. Gratis inngang.

Utstillarar som er representert på Rudi i 2016:

Vegard Stalsberg, Per Rosenberg, Ståle Blæsterdalen, Arild Johannessen, Rolf Bergdølmo, Ragnhild Slåen, Jorunn Krag Dahle, Berit Sundsli og Eilin Fonstad.





Peer Gynt ved Gålåvatnet og overnatting på Rudisetra

Rudisetra ligg nær Gålåvatnet og er perfekt overnatting for teatergjester som også vil ha ein smak av seterlivet. Kom til fjells midt på dagen. Slapp av i setermiljøet, ta ein dukkert i Valsvatnet eller ein tur opp på Valsfjellet. Frå setra er det ein hyggeleg rusletur til teaterscena ved Gålåvatnet. Vi tek imot inntil 20 personar til sjølvhushald og overnatting delt på to tun med seterhus og anneks.

Setra er til leige heile året og vi lager gjerne spennande pakker saman med arrangement på Rudi Gard, eller andre mat- og naturopplevingar. Opplev eit triveleg setermiljø, dyr på beite og eit velstelt landskap med fantastiske moglegheitar for fotturar, sykling, skiturar og friluftsliv.

For bestilling: oystein@rudigard.no / 913 85 388

Tysdag 9. august

Kl 17.00

Peer Gynt-middag og møte med Iren Reppen og Mads Ousdal

Kjøkensjef Wenche Kvebu ønsker velkomen til eit godt måltid før Peer Gynt sin årlege konsert i Sør-Fron kyrkje. Menyen er inspirert av bukkerittet; reinsdyrfilet med blåbærsaus, ovnsbakte mandelpoteter og godt tilbehør, kaffe og ein himmelsk dessert!

Iren Reppen er kunstnarisk leiar i Peer Gynt. Under middagen vil ho saman med hovudrolleinnhaver Mads Ousdal dele tanker om Ibsens drama og historier frå kulissene ved Gålåvatnet.

Peer Gynt meny kr 490,-.

Etter middagen kan alle som vil bli med på ein halvtimes rusletur frå Rudi Gard til Sør-Fron kyrkje.

Der ventar reserverte plasser til konserten som tek til kl 20.00. Eigen billett til konserten.



Foto Arve Tellefsen: Arne Hernæs

I kirka speler Arve Tellefsen musikken frå Peer Gynt ved Gålåvatnet saman med Heidi Ruud Ellingsen og musikarane frå forestillinga, under leing av Kjetil Bjerkestrand.



Meny «PEER PÅ BUKKEN»



Torsdag 11. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Odd Nordstoga med band

Odd Nordstoga vitja også Rudi Gard då han i 2004 gav ut plata «Luring» med låten som sørga for 160.000 selde eksemplarer; «Kveldsong for deg og meg».

No har Odd samarbeidd med brørne Ivar og David Vogt frå Real Ones, og laga ei ny plate som kom ut hausten 2015. Om den plata seier Odd sjølv: «*Eg har aldri vore så nøgd med ei innspeling før, og eg brenn etter å få det ut. Brenn etter å spela det for folk. Så dette, dette kan aldri gå bra. Det må vera noko eg ikkje har tenkt på...*».

I bandet spelar Odd David Wallumrød på tangentar, Torstein Lofthus på trommer, Tor Egil Kreken på bass og Øyvind Blomstrøm på gitar.

Torsdag 11. august kjem Odd og bandet til Rudi Gard! Det blir stas! Det blir fabelaktig. Det er med andre ord berre å gle seg til konsert!

Billett kr 450,-.
Nummererte plasser.



 **Meny** MATBORD FRÅ RUDI-GRILLEN

Laurdag 13. august

Kl 21.00. Ope gard frå kl 19.00

Dølarock

Baksia, Terje Iversen band og Skar & Hartrey

Baksia har stått på Rudi-scena sidan 2001, og kvart år er det stuvande fullt tun med feststemte gjester frå 18 til 70 år. Ungdommen kan tekster på gode slagere, og syng med når festen er i gang.

Terje Iversen tek med seg sitt eminente band og bidreg med drivande country-rock, og på tunet kan du oppleve «Skar og Hartrey»; lokalt og internasjonalt innslag direkte frå Paul McCartney-skulen i Liverpool.

Velkome til Dølarock på Rudi Gard!
Billett kr 350,-. Aldersgrense 18 år.



Meny KULTURGRIS ALÁ RUDI

Laurdag 20. august


Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Henning Kvitnes & Claudia Scott med band

Henning Kvitnes er høgaktuell som artist i årets utgave av «Hver gang vi møtes», til stor glede for publikum. «Sånne som oss», «Opp og ut å vekke sola», «Guttær» - lista over kjente og kjære låter er kjempelang! I 2016 deler Henning scene med Claudia Scott og band, og det til fulle hus over alt i kongeriket! Claudia debuterte som plateartist i 1992, og er i dag ein av våre mest anerkjente artistar.

Nært og tett, intimt og varmt, med ei blanding av hits frå låtkatalogen til både Kvitnes og Scott. Og med mange gode historier til å binde kvelden saman!

Bill kr 450,-. Nummererte plasser.



Meny TRANCHÉRMENY PÅ RUDI-VIS

Torsdag 25. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

«Berre kjærleik og død»

AV INGAR SLETTEN KOLLOEN

Forestillinga slepp diktaren Tor Jonsson inn i teatret med si historie. Han innleia eit forhold til journalisten Ruth Alvsen i 1950, og tok livet sitt berre eit halvt år seinare, 35 år gamal. Ruth Alvsen leiter etter svar på kvifor det gjekk som det gjorde. Ho leiter i papira etter Jonsson og ho leiter i sine eigne minne. Under det heile dirrar tre spørsmål: Skriv Tor Jonsson frå første stund beretninga om eit varsla sjølv mord? Kvifor tok han sitt eige liv? Og kunne nokon ha hindra det? Forestillinga hadde urpremiere i 2000 på Trøndelag Teater og har sidan spelt med suksess på dei fleste teatre i resten av landet.



Wenche Strømdahl som «Ruth Alvsen», Hallbjørn Rønning som «fortelleren» og Jarl Strømdal er komponist og musiker. Regi av Nora Evensen.

«Forestillingen er et nydelig stykke teaterkunst»
(VG, Astrid Sletbakk)

«Tragisk skjebnefortelling i enkel og medrivende teatralisk innpakning» (Aftenposten, Elisabeth Rygg)

Billett kr 290,- / 100,- under 18 år.

Samarbeid med Fron Mållag og Tor Jonsson-laget.



Meny GRILLA DØLAFE



Onsdag 7. september

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

HEINE TOTLAND & GISLE BØRGE STYVE

«Musikk e komme for å bli»

Heine Totland og Gisle Børge Styve har klart å etablere noko heilt spesielt. Utan at dei eigentleg har gjort noko særleg meir sammen enn å spela mange konsertar, har dei etablert eit stadig større og svært trufast publikum. Til saman har dei noko «magisk» som det er vanskeleg å setja ord på. Publikum er begeistra, og dei to vestlendingane gler seg over kvarandre og over publikum.

«Et show med masse god sang og musikk, samt disse to gutta som hadde ett samspill i det med prat og skjemt fra bibelbelte gjorde att vi satt og lo fra vi kom til vi gikk»

Billett 390,- / 100,- under 18 år.
Nummererte plasser.



BT



Meny KULTURGRIS ALÁ RUDI

Onsdag 14. september

Kl 20.30. Ope gard frå kl 19.00

«Tri» - Vegar Vårdal, Even Lusæter og Bjørn Sigurd Glorvigen

Alle i gruppa «Tri» er forankra i den folkelege tradisjonen i Gudbrandsdalen; Vegar og Even på fele og Bjørn Sigurd på folkesong.

«Tri» tek fram spennande kombinasjonar av dikt, musikk og folkelege viser. Dei har tidlegare hausta stor applaus for tingingsverket «Himmelvarden», og dei kjem også innom Aukrust denne kvelden. Vigerust, Solberg og Tor Jonsson er andre opphavsmenn, saman med sjølv laga stoff som artistane har på repertoaret.

Bill kr 250,- / 100,- under 18 år.



Meny GARDSKAFÉ



Laurdag 17. september

Frå kl 18.00

Sheep o høyr

– bondeaction på sitt beste!

Fartsfylt bonde-action er ei årleg storhending på Rudi Gard. Verdas beste sauklypparar kjemper mot Delwin Jones frå New Zealand sin sin fantastiske rekord frå 2014 på 20,10 sekund! Med storskjerm, musikk, Bjørnar Bakken som hovedspeaker, og horder av engasjert publikum er dette ei festforestilling!

Kl 18.00 Ope gard og servering av heilgrilla lam

Kl 20.00 Stor konkurranse i taugtrekking

Kl 21.00 Speedklypping med verdas beste klypparar

Kl 22.00 Fest med The Belfast Lads

Billettett kr 590,- inkl heilgrilla lam / 290,- utan servering.
18 års aldersgrense etter klyppeshowet.



Meny HEILGRILLA LAM



BELFAST LADS

Ekte vare! Det er det du får når Belfast Lads entrer scenen. Gutta i Belfast Lads har 14 års turnévirkosomhet i Norge og over 1000 liveopptredener bak seg. De er etablert som et av de mest erfarne og mest etterspurte band innen irsk folkerock. Bandet spiller alt fra de gamle kjente tradisjonelle låtene, egenkomponerte og helt nye Irske låter.

Når Belfast Lads drar i gang publikum, klarer få å sitte stille! Dette må oppleves!



«Sheep o høy» er i samarbeid med Nortura, Furuset AS og Sør-Fron Sau og Geit.





Onsdag 12. oktober

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Tett på

«Standardlåter frå Gudbrandsdalen»

Camilla Granlien og Vegard Moshagen

«Tett på» er akustisk, nært og intimt ved peisen på Rudi Gard. Camilla Granlien er folkesanger på aller øverste hylle. Ho har toppa Landskappleiken fleire gonger, og har levd av, med og for den norske sangskatten heile livet sitt. Vegard Moshagen er allsidig jazzpianist. Og han er sentral i mykje av det som skjer i kulturlivet i Gudbrandsdalen, som produsent, regissør, kapellmester, inspirator og leiar av studieretning for musikk, dans og drama ved Vinstra Vidaregåande skule.

Standardlåter er kjente og kjære, som «Jeg lagde meg så silde», «Gjendines bådnåt» og vi lover mange perler på ei lang snor.



Meny GARDSKAFÉ

Onsdag 2. november

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Tett på

Hans og Rasmus Kjørstad

Hans og Rasmus Kjørstad frå Sør-Fron er markante felespelarar i det unge folkemusikkmiljøet i Noreg, og de studerer baa ved Norges Musikkhøgskole. Når dei spelar saman tek dei i bruk folkemusikkrepertoaret frå Midt-Gudbrandsdalen, og dei tradisjonelle låtane vert framført i gnistrande samspel.

Dei har spelt folkemusikken frå Fronsbygdene sidan dei var små, og dei eksperimenterer gjerne med harmonikk, rytmikk og melodilinjer. Gjennom improvisasjonar og ulike instrumentteknikkar har dei som mål å leggje fleire fasettar til folkemusikken - og slik opne den opp for nye lyttarar.

Bill kr 250,- / 100,- under 18 år.



– Rudi Gard står for kvalitet og verdier som er i tråd med våre verdier, og bidrar til et imponerende mangfold av kultur, mattradisjoner og gode opplevelser til glede for både døler og tilreisende. Derfor samarbeider vi aktivt med Rudi Gard.

Sparebank 1 Gudbrandsdal, adm banksjef Per Ivar Kleiven



Meny GARDSKAFÉ



Onsdag 23. november

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Tett på

«*Stilt trør kvinner i sørgedans*»

Margit Myhr

Ei forestilling om tre kvinner frå tre ulike hundreår og forteljingane om deira liv og lagnad. I 1349 stengde ein far einaste dottera inne i stabbursloftet på garden. Slik skulle ho overleve svartedauden. I 1733 vart Liv Engebretsdotter avretta som den nest siste i Hallingdal, dømd for å ha teke livet av sitt nyfødde born. I 1861 emigrerte Gro Gudmundsrud 20 år gamal til Amerika for å kunne leve med mannen ho elska.

Dette er historier om kvinner som stod åleine med ei maktesløyse det kan vere vanskeleg å setje seg inn i. På kvart sitt vis var dei tvungne til å bryte opp frå alt det vante og kjære og stå einsame i verda. Korleis tenkte dei og kva drøymde dei om?

Margit Myhr (song og forteljing), Leif Stinnerbom (regi) og Eldgrim Springgard (manus).

Margit Myhr er av våre aller fremste unge skodespelarar og songarar. Dei siste somrane har ho rørt eit stort publikum ved Västanå teater i Värmland, og Margit er songar i Kvedarkvintetten og var månadens artist på Riksscenen i februar.



Meny GARDSKAFÉ

«Freske førjulsspark med Viggo og Gufrid» og heimelaga julebord

Bjørn Kleiven og Viggo Sandvik tek oss med på ei heimekosleg førjulekvelds-reise, og vi byr på ekte, heimelaga julemat slik det var på gardane i Gudbrandsdalen før i tida!

Freske førjulsspark, velkomstdrink og heimelaga julebord kr 890,-.

Vi tek også imot større grupper til eigne julebordskveldar – ta gjerne kontakt om de vil reservere ein minnerik kveld på Rudi Gard.



«Gode fellesarenaer blir stadig viktigere – på Rudi er det felles opplevelser på rekke og rad!»

Adm direktør Bjarne Slapgard, Gudbrandsdal Energi



Søndag 4. desember

Kl 12.00–16.00

Stort julemarked på Rudi Gard

Håndverk, kunst, mat og trivleg førjulsstemning

Rudi-låven fylles av mangfoldige utstillarar som byr fram særprega kvalitetsvarer. Og med servering, musikk og god julelukt i låven er dette ein av årets trivlegaste dagar.

Eit godt høve til å skaffe dei siste julegavene er det også. Blant utvalet er julekaker, handarbeid av dei fleste slag, knivar, gudbrandsdalsmat, tresløyd, ullprodukt, kornband og jultre med mykje meire.

Gratis inngang.



Meny GARDSKAFÉ

Litt av det ungdommelege
personalet på Rudi Gard



Mange er delaktige i utforminga av såmmår-
programmet Låvende saker. Både publikum og artistar kjem
med mange forslag, og programmet blir sydd saman av
vertskapet, med kreativ medarbeider Vegard Moshagen og
kjøkensjef Wenche Kvebu som viktige bidragsyttere.

Takk for godt samarbeid!

Nina og Øystein Rudi

Hovudsamarbeidsbedrifter



Samarbeidsbedrifter



WADAHL

Offentlege medspelarar



Billetter

www.ticketmaster.no

tlf 815 33 133

www.rudigard.no

tlf 913 85 388



X-antenna

Til større forestillinger er det nummererte plassar i Rudilåven, og du kan sikre deg kreplass ved å vera tidleg ute. Billetter blir seld ved inngangen så lenge det er plass.

Med atterhald om programendringar.



Overnatting

Sygard Grytting	61 29 85 88	www.grytting.com
Øvre Rudi	930 54 466	www.rudiovernatting.no
Wadahl Høgfjellshotell	61 29 75 00	www.wadahl.no
Fefor Høgfjellshotell	61 29 00 99	www.fefor.no
Dale-Gudbrands Gard	911 58 938	www.dalegudbrands-gard.no

Rudi gard ligg langs E6, 70 km nord for Lillehammer

Koordinater: N 68 27 190 Ø 54 82 00

N 61,57571 Ø 9,90769

RUDI

www.rudigard.no

oystein@rudigard.no // Mob 913 85 388

Rudivegen 40, 2647 Sør-fron